



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlende enhet: Region vest      Saksbehandler/telefon: Jan Magne Eidsvik / 55516158      Vår referanse: 16/5207-9      Deres referanse:      Vår dato: 19.12.2016

### Bruk av den Trondhjemske postvei.

Vi viser til deres brev av 11.01.2016, vårt tidligere svar med vedlegg av 05.02.2016, samt supplerende opplysninger fra byggmester Bartz på vegne av eier av gnr 56 bnr 9 i notat av 26. april 2016.

Statens vegvesen region vest har på bakgrunn av dette vurdert saken på nytt, og innhentet ny vurdering fra Norsk Vegmuseum jfr. **vedlagte** notat fra Norsk vegmuseum datert 13.12.2016.

Som det fremgår av notatet ser en på grunn av den totalt belastningen på postvegen i dette området helst at det blir vurdert andre muligheter til å koble seg på kommunal veg.

Dersom det likevel skulle være umulig å finne alternative løsninger for påkobling finner Norsk vegmuseum å kunne imøtekomme søknaden på visse vilkår som avtales, se pkt. 1-8 side 3 i notatet. Statens vegvesen Region Vest slutter seg til dette.

Eventuell gjennomføring forutsetter en tilstandsregistrering av kulturminneinstansene i Statens Vegvesen, utarbeidelse av detaljert gjennomføringsplan fra tiltakshaverens side, samt endelig godkjenning fra Statens vegvesens side, jfr pkt 4-6 i ovennevnte notat.

Om tiltaket fortsatt ønskes gjennomført bes tiltakshaver kontakte regionsansvarlig for museum og kulturminnevern i Statens Vegvesen Region Vest, Bjørn Chr. Grassdal, tlf. 97163100, e-post: [bjorn.grassdal@vegvesen.no](mailto:bjorn.grassdal@vegvesen.no), for oppstart av tilstandsregistrering m.v.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Med hilsen  
Juridisk- og anskaffelsesseksjonen

Jan Magne Eidsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*



## Statens vegvesen

Saksbehandler/telefon:  
Kjersti Tidemansen / 61285268  
Vår dato: 13.12.2016  
Vår referanse: 15/204967-8

### Notat

Til: Jan Magne Eidsvik  
Fra: Vegmuseet fagavdelinger  
Kopi: Bjørn Chr Grassdal  
Ingvill Hoftun  
Tine Eikehaug

### **164 Trondhjemske Postvei, Lindås kommune, Hordaland. Tilkomst til gnr. 56, bnr. 9 i Lindås. Dykkar ref. 16/5207-6.**

Vi viser til dykkar notat av 24.10.2016. Vi beklagar seint svar pga. kapasitet og rådføring med Riksantikvaren.

På bakgrunn av nye opplysningar i saken ved Byggmester Gartz AS for eigar av gnr. 56 bnr. 9 har Juridisk- og anskaffelsesseksjonen i Region Vest gjort nye vurderingar i saken, og innhentar Norsk vegmuseum sine kommentarar og krav til desse.

#### **Statens vegvesen sin Nasjonale verneplan.**

Vi minnar om at Nasjonal verneplan er eit politisk forankra dokument for vegsektoren der føremålet er at dei utvalde objekta, som ikkje allereie er freda etter kulturminnelova eller verna etter plan- og bygningslova, skal få eit juridisk vern. Dette arbeidet er omstendeleg, og går over lang tid, og også etter kapasitet og ressursar i etaten. Verneverdige kulturminne som er rekna som etaten sine viktigaste kulturminne, bør i minst mogleg grad forringast i verdi. Det er sterkt beklageleg om ein ikkje kan sjå på andre løysingar, og ta hensyn til kulturminne med nasjonal verneverdi. Konsekvensen av dette er at vernearbeidet, som Statens vegvesen utfører på sine eigne kulturminne, blir uthola og svekkar vernet av eitt av etaten og Noreg sine viktigaste kulturminne. I den generelle areal- og vegplanlegginga bør ein også ta hensyn til dei historiske vegane, og sjå på heilskaplege løysingar.

Norsk vegmuseum er klar over at det tidlegare har vore ein praksis der ein i fleire tilfelle har tillate og/eller sett i gjennom fingrane med kjøring med bilar og traktorar på dei historiske vegane. Men tidene endrar seg, også teknologien og samfunnet sine verdier. Over tid har vi

erfart at historiske vegar og bruer får skadar etter kjøring med tyngre og tyngre kjørety. Ein får også større og fleire irreversible inngrep i naturen, som igjen aukar fokuset på sårbare miljøverdiane. Dei gamle vegane er ein av desse miljøverdiane, og er framheva i Riksantikvaren sin fredningstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltninga. Dette må også Statens vegvesen møte. I tillegg er det ein kompliserande faktor i vernet av mange gamle vegar, at dei dessverre ikkje er matrikulerte og står med status uavklart eigarskap. Det er da mange grunneigarar som misforstår og trur at vegane ligg på deira eigedom, og dermed blir sett på som privat eigedom. Dei gamle hovudvegane er fortsatt det offentlege sin eigedom, dersom veggrunnen ikkje er dokumentert attendeført til grunneigar. Grunneigar har bevisbyrden.

### **Bruksrett på postvegen.**

Det blir juridisk vurdert at gnr. 56 bnr. 9 har ein etablert rett til bruk av postvegen, sidan eigedomen har brukt traseen som tilkomst til kommunal veg i lang tid. Veg eigd av det offentlege er open for allmenn ferdsel, men den er ein veg som etter Statens vegvesen sine definisjonar er ute av drift – det vil seie nedlagt som offentleg veg og dermed ikkje vedlikehalde etter dagens standard. Dette, i tillegg til vernestatusen, gjer at vegen berre kan brukast med restriksjonar. Hensynet til kulturminnet må vere førande i desse restriksjonane.

Vi gjer oppmerksom på at same restriksjonar vil gjelde for andre med etablert rett til motorisert ferdsel på postvegen. Gnr. 56 bnr. 12 har ein veg som er kobla på postvegen frå eigedomen. Dersom eigedomen nyttar postvegen til kjøring må dei same restriksjonane gjelde her.

### **Påkobling mellom kommunal veg og Trondhjemske Postvei.**

Det blir søkt om bygging av ny påkobling frå postvegen til kommunal veg. Det er svært uheldig om det blir gjort eit nytt fysisk inngrep i Trondhjemske Postvei i dette området. Det er tidlegare dyrka opp ei strekning av postvegen rett nord for den omsøkte tilkomsten, i tillegg til at gnr. 56 bnr. 12 også har ein veg som koblar seg på postvegen. Desse inngrepa har allereie forringa kulturminnet sin verdi. Vi meiner at to vegar som koblar seg opp mot postvegen innanfor det avgrensa området her er urimeleg å krevje i forhold til eit kulturminne av nasjonal verdi.

Vi gjer oppmerksom på at kulturminnet postvegen omfattar vegen si lineføring og breidde, det vil seie beliggenheit og forløp i terrenget, vegen sin horisontal- og vertikalkurvatur og vegprofil (vegkropp og skråningsutslag). I vegkroppen inngår over- og underbygning med dekke, fundament, grøfter og stikkrenner.

### **Belastning på kulturminnet. Alternativ og krav.**

Påkobling og auka bruk av motorisert ferdsel gjev ei større belastning på postvegen, og samsvarar ikkje med føremålet med å bevare postvegen som eit nasjonalt viktig kulturminne. Norsk vegmuseum ser helst at det blir vurdert andre moglegheiter til å koble seg på kommunal veg. Statens vegvesen var ikkje innkalla som part i jordskiftesak 1200–2014–0013 i Nord- og Midthordland jordskifterett, og vi fekk difor ingen moglegheit til å

uttale oss om postvegen, vernehensyn og eventuelle heilskaplege løysingar som kunne ta hensyn til kulturminnet i denne saken.

Dersom det er umogleg å finne andre løysingar for å koble seg på kommunal veg, kan vi imøtekomme søknaden på visse vilkår:

1. Våre krav til bruk av postvegen og eventuelle tiltak på veggen skal avtalesfestast.
2. Ved bruk skal ikkje postvegen skadast.
3. Skulle det oppstå skade, skal det vere avklart i avtalen kven som har ansvar for restaurering av veggen, og korleis restaureringa skal utførast. Plan for restaurering skal godkjennast av kulturminneinstansar i Statens vegvesen Region Vest. Skader skal utbetrast så raskt som mogleg.
4. Den Trondhjemske Postvei skal tilstandsregistrerast og vurderast før det omsøkte tiltaket blir sett i gong. Tilstanden skal registrerast og vurderast av kulturminneinstansane i Statens vegvesen Region Vest. Det skal vurderast forsterkingstiltak på veggen.
5. Detaljert plan for påkobling til kommunal veg og inngrep/tiltak på postvegen skal godkjennast av kulturminneinstansane i Statens vegvesen Region Vest.
6. Ingen tiltak på postvegen skal gjennomførast utan etter samtykke frå kulturminneinstansar i Statens vegvesen Region Vest.
7. Motorisert ferdsel på postvegen skal skje etter restriksjonar. Det er vanskeleg å vurdere bereevna til den verneverdige veggen og dette må vurderast etter skjønn og kvar enkelt del av veggen. Max akseltrykk ved bruk av postvegen blir vurdert til 2 tonn. Skulle det bli aktuelt med bruk av større kjøretøy, bør ein finne andre vegløyser enn bruk av postvegen.
8. Ved bruk av veggen skal det visast særleg hensyn til kant- og forstøtningsmurar, stikkrenner, grøfter.

Kulturminneinstansane i Statens vegvesen Region Vest har dialog med Norsk vegmuseum om Trondhjemske Postvei.

### **Konklusjon.**

Påkobling og auka bruk av motorisert ferdsel gjev ei større belastning på postvegen, og samsvarar ikkje med føremålet med å bevare postvegen som eit nasjonalt viktig kulturminne. Norsk vegmuseum ser helst at det blir vurdert andre moglegheiter til å koble seg på kommunal veg.

Dersom det skulle vere umogleg å finne alternative løysingar for påkobling til kommunal veg, kan Norsk vegmuseum imøtekomme søknaden med krava 1–8 nemnt ovanfor.

Med helsing

Kjersti Tidemansen  
Rådgjevar  
Norsk vegmuseum